

# Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland 2007

*Trender og økonomisk utvikling 1998–2007*

*Tabellsamling 2003–2007*

Irene Grønningsæter

Anastasia Olsen

Heidi Knutsen



**NILF**

Norsk institutt for  
landbruksøkonomisk forskning

---

<b>Serie</b>	Notat
<b>Redaktør</b>	Agnar Hegrenes
<b>Tittel</b>	Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland. Trender og økonomisk utvikling 1998–2007. Tabellsamling 2003–2007
<b>Forfattere</b>	Irene Grønningsæter, Anastasia Olsen, Heidi Knutsen
<b>Prosjekt</b>	Publisering av distriktstall (D223)
<b>Utgiver</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
<b>Utgiversted</b>	Oslo
<b>Utgivelsesår</b>	2009
<b>Antall sider</b>	87
<b>ISBN</b>	978-82-7077-740-2
<b>ISSN</b>	0805-9691

---

## Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres av Landbruks- og matdepartementet, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking der det inngår om lag 1000 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Dette notatet inneheld lokale data frå fylka Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland. I tillegg har vi kvart år med nokre spesialtema som er interessante for regionen. Dei utvalde tema i år er «Verdiskaping i jordbruket i Agder» og «Skatt».

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre fylka. I alt omfattar granskinga 81 bruk frå Rogaland og 50 bruk frå Agder-fylka. Bruka vert delt inn i to regionar, «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder».

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt som krev stor innsats av medarbeidarar ved alle kontora til NILF. Distriktskontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Agder og Rogaland.

Heidi Knutsen har skrive kapittel to, kvalitetssikra notatet og komme med nyttige kommentarar. Irene Grønningsæter har skrive kapittel tre og hatt ansvar for heile notatet. Anastasia Olsen har skrive kapittel fire og oppdatert tabellane i kapittel seks. Kapittel fem er om verdiskaping i jordbruket i Agder. Anne Bente Ellevold har ferdigstilt notatet for trykking.

Oslo, februar 2009  
Ivar Pettersen



# Innhold

---

SAMANDRAG .....	1
1 INNLEIING.....	3
2 DRIFTSRESULTATET FOR JORDBRUKET I AGDER OG ROGALAND 2007 .....	5
3 TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET .....	9
3.1 Resultatmål i jordbruket.....	9
3.1.1 Driftsoverskot .....	9
3.1.2 Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk (jordbruksinntekt) .....	11
3.1.3 Lønsevne per time.....	12
3.2 Totaløkonomien for bruka i Agder og i Rogaland .....	13
3.2.1 Nettoinntekt.....	13
3.2.2 Nettoinvestering.....	15
3.2.3 Gjeld og gjeldsprosent .....	16
3.2.4 Tilleggsnæringar .....	17
4 SKATT.....	19
4.1 Jordbruksfrådrag.....	19
4.2 Skattejustert vederlag til arbeid og egenkapital (jordbruksinntekta) .....	21
5 VERDISKAPING I JORDBRUKET I AGDER .....	23
5.1 Om måling av verdiskaping .....	23
5.2 Resultat.....	24
6 TABELLSAMING 2003–2007 .....	27
7 FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA.....	85
LITTERATUR .....	87

## Figurar

Figur 2.1	Utvikling i jordbruksinntekt 1998–2007 .....	7
Figur 3.1	Driftsoverskot per bruk i ulike område .....	10
Figur 3.2	Driftsoverskot per bruk i ulike fylke .....	10
Figur 3.3	Jordbruksinntekt per årsverk i gjennomsnitt for bruka på Jæren og i andre bygder .....	11
Figur 3.4	Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk for ulike driftsformer .....	12
Figur 3.5	Lønsevne per time for ulike produksjonar på Jæren og i Andre bygder .....	13
Figur 3.6	Nettoinntekt i gjennomsnitt per bruk i heile landet, på Jæren og i Andre bygder .....	14
Figur 3.7	Prosentvis fordeling av samla inntekt for bruka på Jæren .....	14
Figur 3.8	Prosentvis fordeling av samla inntekt for bruka i Andre bygder .....	15
Figur 3.9	Nettoinvesteringar per bruk i ulike område .....	16
Figur 3.10	Gjeld i middel per bruk i ulike område .....	16
Figur 3.11	Gjeldsprosent per bruk i ulike område .....	17
Figur 3.12	Driftsoverskot frå tilleggsnæring i gjennomsnitt for alle bruk i ulike område .....	18
Figur 5.1	Verdiskaping i Agder, fordelt på kommunar, i mill. kroner .....	24
Figur 5.2	Verdiskaping i jordbruket fordelt etter driftsform, millionar kroner .....	25

## Tabellar

Tabell 2.1	Samla oversikt for 2007 .....	6
Tabell 3.1	Gjennomsnittleg driftsoverskot i 2007 for dei enkelte tilleggsnæringane. Kroner .....	18
Tabell 4.1	Jordbruksfrådrag gruppert etter region .....	19
Tabell 4.2	Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer, Jæren og Andre bygder .....	20
Tabell 4.3	Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik, Jæren og Andre bygder .....	21

## Tabellsamling

Tabell 1	Fylkestat, Rogaland .....	28
Tabell 2	Fylkestat, Vest-Agder .....	31
Tabell 3	Fylkestat, Aust-Agder .....	34
Tabell 4	Områdetal, Jæren alle bruk .....	37
Tabell 5	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer .....	40
Tabell 6	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer .....	43
Tabell 7	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 5 (300–500 daa), alle driftsformer .....	46
Tabell 8	Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekjøttproduksjon .....	49
Tabell 9	Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinhald .....	52
Tabell 10	Områdetal, andre bygder, alle bruk .....	55
Tabell 11	Områdetal, andre bygder, storleiksgr. 3 (100–200 daa), alle driftsform .....	58
Tabell 12	Områdetal, andre bygder, storleiksgr. 4 (200–300 daa), alle driftsform .....	61
Tabell 13	Områdetal, andre bygder, storleiksgr. 5 (300–500 daa), alle driftsform .....	64
Tabell 14	Områdetal, andre bygder, mjølk- og storfekjøttproduksjon .....	67
Tabell 15	Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald .....	70
Tabell 16	Fylkestat, Aust-Agder, potet og grønnsakproduksjon .....	73
Tabell 17	Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgr. under 15 årskyr .....	76
Tabell 18	Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgr. 15–19,9 årskyr .....	79
Tabell 19	Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgr. f.o.m. 20 årskyr .....	82

# Samandrag

---

NILF utfører årlege «Driftsgranskingar i jord- og skogbruk». Formålet med desse er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve for gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit visst omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike grupper av bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Resultat vert publiserte i ein landsdekkande publikasjon og fleire regionale publikasjonar. Årets notat for Agder og Rogaland tek for seg dei faste postane med lønsemda i jordbruket i 2007 og trendar og økonomisk utvikling siste tiåret og tabellsamling for dei siste fem åra. I tillegg har vi med eit kapittel om *verdiskaping i jordbruket i Agder* og eit om *skatt*.

I den årlege undersøkinga har vi i 2007 med i alt 81 bruk frå Rogaland og 50 bruk frå Agder-fylka. Bruka frå Agder og Rogaland er delt inn i to regionar, *Jæren* og *Agder og Rogaland andre bygder*. Hovudtendensane er at bøndene på Jæren hadde høgast inntektsnivå i landet i 2007, og at det var framgang for alle dei vanlegaste produksjonane.

Driftsoverskotet per bruk var i gjennomsnitt på kr 287 600 for Agder og Rogaland andre bygder i 2007. Dette er ein auke på omlag 34 prosent. Tilsvarande tal for Jæren var kr 515 700, som er ein auke på om lag 36 prosent.

Jordbruksinntekta, målt i vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, var på kr 291 900 for Jæren. Dette var ein auke på om lag 35 prosent frå 2006. Tilsvarande tal for Agder og Rogaland andre bygder låg på kr 201 000, som er ein auke på om lag 30 prosent frå 2006.

Driftsforma med kombinasjonen svin- og mjølkeproduksjon på Jæren oppnådde den klart beste jordbruksinntekta for begge regionane. Produksjonen med mjølk og sau i Agder og Rogaland andre bygder fekk ein lågare auke enn dei andre produksjonane med berre 10 prosent auke på driftsoverskotet.

Gjelda for regionane har i snitt auka 167 prosent på Jæren, 106 prosent i Agder og Rogaland andre bygder og 78 prosent i heile landet i løpet av dei siste 10 åra. Gjelda på Jæren vart i gjennomsnitt på kr 2 793 500 i 2007 og i Andre bygder vart tilsvarande tal kr 1 899 200. Gjeldsprosenten vart i gjennomsnitt 49 prosent for Jæren og 53 prosent for Agder og Rogaland andre bygder.

Etter fleire år med store nettoinvesteringar på Jæren viste 2007 ei litt lågare nettoinvestering. Agder og Rogaland andre bygder hadde i 2007 ei større investering og aller størst nettoinvestering fann vi i driftsforma med mjølk og sau.

Kapittelet om verdiskaping i jordbruket (medrekna hagebruk) i Agder viser den totale verdiskapinga i Agder-fylka fordelt på kommunar og i driftsformer. Mjølk, ytre og indre bygder er den driftsforma som har størst verdiskaping, følgt av hagebruk. Grimstad er den kommunen som har størst verdiskaping i jordbruket.

I kapittelet om skatt har vi sett nærare på jordbruksfrådraget. I gjennomsnitt for driftsgranskingsbruk i Agder og Rogaland andre bygder vart skattereduksjonen for 2007 kr 29 700. Tilsvarande for Jæren vart kr 30 700. Den største inntektsverknaden per årsverk fekk bruk med mjølkeproduksjon i Agder og Rogaland andre bygder. Minst verknad fekk bruk som dreiv med grønsaker.



# 1 Innleiing

---

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg, landsomfattande rekneskapsundersøking med røter tilbake til Noregs Vel i 1911. Vidare vart granskinga overteken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)<sup>1</sup> ved opprettinga i 1947.

Hovudformålet med rekneskapsundersøkinga er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve for gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit visst omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering.

Undersøkinga tek spesielt for seg verksemda i jord- og skogbruket, men andre næringsgreiner blir og tekne med. Næring som tek utgangspunkt i garden sine ressursar, er kalla *tilleggsnæring*, og næringsverksemd som er uavhengig av garden sitt driftsapparat, er kalla *anna næring*.

Driftsgranskingane skal gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forskning og utgreiing, gje bidrag til rådgjeving og undervisning og til offentleg politikk og forvaltning.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane. Ved utval av bruk er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrutterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå Statens landbruksforvaltnings tilskotsregister. Uttrekte bruk skal ha eit standard dekningsbidrag som minst svarar til 8 ESU, eller 70 000–80 000 kroner. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket, som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 67 år. Kvart år vert om lag ti prosent av deltakarbruka skifta ut.

Dei økonomiske data i 10-årstrendane i kapittel tre er deflaterte med konsumprisindeksen, medan 5-årsoversiktene i tabellsamlinga inneheld beløp i nominelle kroner frå kvart av åra. Kontinuiteten blant deltakarane i statistikken er god, derfor vil trendane over 5–10 år gje ei god oversikt over den økonomiske utviklinga i jordbruket i landsdelen. I tillegg til driftsøkonomien er totaløkonomien på bruka godt dokumentert.

Kvart år har vi med nokre ekstra emne i notatet. Kapittel fire er om emnet *skatt* og kapittel fem handlar om *verdiskaping i jordbruket i Agder*.

---

<sup>1</sup> NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slått saman med Sekretariatet for Budsjettmemnda for jordbruket.



## 2 Driftsresultatet for jordbruket i Agder og Rogaland 2007

---

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er basert på eit tilfeldig utval av 902 bruk frå heile landet, 49 bruk er frå Jæren og 82 bruk frå resten av Agder-fylka og Rogaland. Bruka frå Agder og Rogaland vert delte inn i to regionar, «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder». Utvalet av bruk som deltek, skal vere representativt for regionen.

### Hovudtendensar:

- Jærbøndene hadde høgast inntektsnivå i landet i 2007
- Framgang for alle dei vanlegaste produksjonane

Jærbøndene auka jordbruksinntektene med 35 prosent til kr 291 900 per årsverk frå 2006 til 2007, og vart med det den beste regionen i landet i 2007. Også i resten av Agder og Rogaland auka jordbruksinntektene i same periode med 30 prosent til kr 201 000 per årsverk. Mot slutten av 2007 vart det gitt rom for å auke mjølkeproduksjonen med inntil 10 prosent over kvote. Dette gjorde at mange mjølkeprodusentar kunne auke mjølkeproduksjonen. Dette, saman med generell produksjonsauke og auke i mjølke- og kjøtprisen, gjorde at bøndene i Agder-fylka og Rogaland fekk eit godt inntektsår i 2007, sjølv om rentene auka frå 2006.

Jordbruksinntektene auka for dei vanlege produksjonane i begge regionane. Størst var auken for bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald på Jæren, med 53 prosent. Jordbruksinntekt er her definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen per årsverk, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruka.

På Jæren var det også i 2007 bruka med mjølkeproduksjon kombinert med svinehald som oppnådde best resultat, med ein vekst i jordbruksinntekt på 53 prosent til kr 344 800. Desse bruka heldt fram produksjonsveksten i 2007 og hadde auke både i mjølkeproduksjon og i svinehaldet. Omsett mjølkemengde auka med 12 prosent til 179 000 liter og årskutalet med 0,8, til 26,5 årskyr. Tal smågris auka med 22 prosent, til 972 og slaktegris med 14 prosent, til 48 700 kg. Arbeidsinnsatsen auka med 3 prosent frå 2006 til 2007, og var i gjennomsnitt om lag 4 100 timar. I gjennomsnitt var jordbruksarealet 339 dekar for denne gruppa.

Mjølkeproduksjon er den mest vanlege driftsforma i begge regionane. For mjølkebruka på Jæren auka produksjonen og arealet, og dei hadde i 2007 33,7 årskyr, ein oppgang på 3,4 årskyr frå 2006. Omsett mjølk auka med 14 prosent, til 218 100 liter i 2007. Ytinga var ca. 7 350 kg per årsku. Også produksjonen av storfekjøl (okse) auka mykje, med vel 1 tonn til 4 300 kg. Arbeidsinnsatsen auka med 13 prosent, til 4 000 timar. Jordbruksinntekta for denne gruppa auka med 19 prosent, til kr 218 400 per årsverk.

Mjølkeprodusentane i dei andre bygdene i Agder og Rogaland fekk auka jordbruksinntekta med 24 prosent frå 2006 til 2007, til kr 182 900 per årsverk. Årskutalet auka med 0,9 til 17,9 og omsett mjølk auka med 13 prosent, til 107 400 liter. Ytinga per årsku var 6 800, 400 kg høgare enn i 2006.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald i dei andre bygdene i Agder og Rogaland hadde 16,3 årskyr og produserte 7 200 kg mjølk per årsku i 2007. I tillegg hadde produsentane 117 vinterfôra sauer og dei produserte 2 600 kg lammekjøt, ein auke på 26 prosent frå 2006. Prisen på lammekjøt auka med tre kroner per kg, og mjølkeprisen

med 30 øre. Disse bruka leverte mindre mjølk i 2007 enn i 2006, og jordbruksinntekta auka berre med 5 prosent for denne gruppa, til kr 214 400 per årsverk. Det er få bruk i denne gruppa, og endringar på enkeltbruk kan derfor gje store utslag.

Driftsoverskotet per bruk var i middel for Jæren kr 515 700 og for Agder og Rogaland andre bygder kr 287 600. Driftsoverskotet skal gje vederlag til familien sitt arbeid i drifta og rente på innsett kapital.

Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet frå jordbruket utgjorde 60 prosent av dei samla inntektene til familien for bruka på Jæren, ein auke på tre prosentpoeng frå 2006. Tilleggsnæringar utgjorde knappe 2 prosent og lønsinntekt 30 prosent. Resten av inntekta er anna næringsinntekt utanom bruket, pensjonar og kapitalinntekter. I resten av Agder og Rogaland utgjorde driftsoverskot frå jordbruket 43 prosent, frå tilleggsnæringar 6 prosent og frå skogbruket 1 prosent. Lønsinntekt utgjorde 37 prosent av familiens samla inntekter. Resten er anna næringsinntekt, pensjonar og kapitalinntekter.

Nettoinvesteringane vart reduserte i høve til 2006 for bruka på Jæren, og var i gjennomsnitt kr 107 800. Dei andre bygdene i Agder og Rogaland auka investeringane i 2007, og var den regionen i landet som i gjennomsnitt hadde dei høgaste nettoinvesteringane med kr 131 600 per bruk.

Samla gjeld har i snitt auka med 8 prosent per bruk, til kr 2 793 500 for bruka på Jæren. Rentekostnaden har auka med kr 28 300 til kr 105 100. For resten av Agder og Rogaland er den gjennomsnittlege gjelda auka med 20 prosent, til kr 1 899 200, og rentekostnadene med 53 prosent, til 75 400.

Maksimalt jordbruksfrådrag auka med kr 70 500 frå 2006 til 2007, til kr 142 000. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta for bruka frå Jæren kr 315 600 per årsverk, ein auke på 38 prosent frå 2006. For dei andre bruka i Agder og Rogaland vert skattekorrigert jordbruksinntekt kr 227 600 per årsverk, ein auke på 34 prosent. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla frå driftsgranskingane.


Alle dei presenterte resultata er middeltal frå større grupper av bruk. Mindre grupper er ikkje presenterte her, men er med i gjennomsnittstala. Det er stor spreing i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 133 bruka i Agder og Rogaland gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket har vore.

Tabell 2.1 Samla oversikt for 2007

		Tal bruk	Innmarks-areal	Driftsoverskot per bruk		Jordbruksinntekt pr. årsverk	
				2006	2007	2006	2007
	Rogal./Agder, alle	131	268	276 600	372 900	180 300	238 200
Jæren	Jæren, alle	49	291	379 100	515 700	215 700	291 900
	100-199 daa	14	177	178 900	296 800	133 500	212 100
	200-300 daa	14	269	630 900	813 000	291 900	439 200
	300-500 daa	14	404	372 700	456 400	213 700	217 700
	Mjølkk	20	299	315 300	452 100	184 200	218 400
	Mjølkk/gris	9	339	462 400	785 700	225 400	344 800
Andre bygder Rogaland og Agder	Andre bygder, alle	82	254	214 900	287 600	155 100	201 000
	100-199 daa	28	162	165 200	224 900	126 900	186 700
	200-300 daa	22	247	259 200	265 500	176 600	170 200
	300-500 daa	21	383	281 900	351 200	177 700	210 800
	Mjølkk	38	245	210 100	268 900	147 800	182 900
	Mjølkk/sau	10	347	326 100	361 558	203 300	214 400

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per.årsverk er definert som løn til alt arbeid og rente på egenkapitalen



Figur 2.1 Utvikling i jordbruksinntekt 1998– 2007



## 3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret

---

Dette kapittelet viser ein del trendar og utviklingstrekk for jordbruket for Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland frå 1998 til og med 2007. Materialet er hovudsakleg delt inn i to område; *Jæren* og *Andre bygder*. Andre bygder omfattar dei to Agder-fylka og Rogaland utanom Jæren og vil i den vidare teksten berre bli omtala som *Andre bygder*. For området Jæren er det i 2007 tal frå 49 bruk som ligg til grunn for framstillinga, og i gruppa Andre bygder er det 82 bruk. Til samanlikning har vi tatt med tal som viser utviklinga for heile landet. I dette kapittelet er det nytta figurar for å syner utviklinga. Nokre av gruppene er små, og for desse gruppene kan utskifting av bruk og større investeringar på enkelte bruk gje store utslag på resultatet. Alle resultata i dette kapittelet er omrekna til 2007-kroner etter konsumprisindeksen.

### 3.1 Resultatmål i jordbruket


Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: Driftsoverskot per bruk, vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk og lønsevne per time. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein viktig del av inntektspolitikken i Noreg, men det påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskingane. Verknad av jordbruksfrådraget er omtala i kapittel 4.

#### 3.1.1 Driftsoverskot


Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet skal dekke løn til familien og eventuelt anna ubetalt arbeid og vederlag til både eigen og lånt kapital.

Figur 3.1 viser korleis driftsoverskotet i områda har utvikla seg over ti år samanlikna med heile landet. Jæren har hatt det høgaste driftsoverskotet gjennom heile perioden, og skilnaden har auka dei siste åra. Dette skuldast at Jæren har dei største bruka og høgast produksjonsomfang. Spesielt driftsforma mjølk kombinert med svinehald oppnådde gode resultat i 2007. Framgangen for denne gruppa frå 2006 var på heile 69 prosent på driftsoverskotet. Totalt for Jæren var auken på 35 prosent. Mykje av forklaringa er betre priser og auka produksjon. Produksjonsauken kjem som følge av dei investeringar som er gjort tidlegare år. Kostnadene i same perioden har ikkje auka tilsvarande.

Når det gjeld Andre bygder, som resten av heile landet, har vi også der hatt ein framgang frå 2006 til 2007. Prosentvis er den nesten lik framgangen for Jæren med 36 prosent. Likevel er ikkje framgangen like tydeleg. Vi ser til dømes at gruppa med mjølk kombinert med sau berre har ein auke på om lag 10 prosent. Gruppa med mjølk er noko betre med ein auke på om lag 27 prosent. I snitt for alle driftsformene har auka yting per årsku, auken i mjølkeprisen, auka levering av mjølk, auka levering av slaktegris og auka levering av storfe medført auke i driftsoverskotet på 33 prosent frå 2006 til 2007.



Figur 3.1 Driftsoverskot per bruk i ulike område




Figur 3.2 Driftsoverskot per bruk i ulike fylke

### 3.1.2 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk (jordbruksinntekt)

Vederlaget viser kor mykje som er igjen til å dekke alt arbeidet på bruket (også leigd hjelp) og til forrenting av eigenkapitalen. Medan driftsoverskotet blir rekna per bruk, blir vederlag til alt arbeid og eigenkapital rekna per årsverk. Eit årsverk i landbruket er sett til 1 845 timar for heile tiårs perioden.


I 2007 var eit gjennomsnittsbruk på Jæren 1,94 årsverk, for andre bygder var gjennomsnittsbuket 1,67 årsverk. Figur 3.3 viser den gjennomsnittlege jordbruksinntekta for bruka på Jæren og i Andre bygder.



Figur 3.3 Jordbruksinntekt per årsverk i gjennomsnitt for bruka på Jæren og i andre bygder

Figur 3.4 viser jordbruksinntekta for ulike driftsformer på Jæren og i Andre bygder. Det er bruka med svin- og mjølkeproduksjon som framleis har det beste resultatet. Auken i jordbruksinntekta skuldast auke i både mjølkeproduksjon og svinehald i tillegg til auka mjølke- og kjøtpris.

Bruka på Jæren med driftsforma mjølk og storfekjøtt hadde i gjennomsnitt 33,7 årskyr og 7063 kg omsett storfekjøtt i 2007 Tilsvarande tal for Andre bygder var 17,9 årskyr og 3974 kg kjøt. For driftsforma mjølk og svin var tal årskyr 26,5 og kilo omsett slaktegris 48 706 på Jæren.




Figur 3.4 Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk for ulike driftsformer

### 3.1.3 Lønsevne per time

Lønsevne er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd hjelp, og viser kor mykje som er igjen når innsett kapital har fått godtgjering. Figur 3.5 viser lønsevne per time for utvalde grupper.

Mjølke- og svineprodusentane på Jæren fekk i 2007 kr 159 i gjennomsnitt per time for arbeidet på bruket. For dei bøndene som driv med mjølk og storfe er det litt under 9 kroner timen som skil bøndene i Andre bygder frå bøndene på Jæren. Elles har alle utanom mjølk/sau i Andre bygder hatt ein auke i lønsevne per time i denne perioden. Denne gruppa har om lag uendra resultat frå 2006 til 2007.




Figur 3.5 Lønsevne per time for ulike produksjonar på Jæren og i Andre bygder

## 3.2 Totaløkonomien for bruka i Agder og i Rogaland

### 3.2.1 Nettoinntekt


Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringar, løn, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår.

Figur 3.6 viser gjennomsnittleg nettoinntekt for alle bruka i driftsgranskingane og for bruka i Agder og Rogaland. Nettoinntekta for landet auka med 14 prosent, tilsvarande for Jæren var ei auke på 27 prosent og tilslutt for Andre bygder med ei auke på 19 prosent.




Figur 3.6 Nettoinntekt i gjennomsnitt per bruk i heile landet, på Jæren og i Andre bygder

Figur 3.7 viser prosentvis fordeling av alle inntektene til brukarfamilien på Jæren. I 1998 henta bøndene på Jæren 60 prosent av inntekta frå jordbruket, omlag same som for 2007 med 61 prosent. I den same perioden har løsinntektene auka med to prosentpoeng.



Figur 3.7 Prosentvis fordeling av samla inntekt for bruka på Jæren

For bruka i Andre bygder har foredlinga av inntekt vore ganske stabil siste tiårsperiode (figur 3.8). Men vi ser ei lita endring med omsyn til kapitalinntekter og lønsinntekter dei siste åra. Inntektene frå jordbruket utgjer 44 prosent av nettoinntekta i 2007. Dette er 4 prosentpoeng meir enn i 2006. I 1998 henta bøndene frå Andre bygder 43 prosent av dei samla inntektene frå jordbruket.




Figur 3.8 Prosentvis fordeling av samla inntekt for bruka i Andre bygder

### 3.2.2 Nettoinvestering

Nettoinvestering er verdien av tilkjøp av egedelar minus avskrivningar, tilskot og fråsal. Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidla i løpet av året.


Dei høge investeringane i 2004, 2005 og 2006 (figur 3.9) kan vi sjå i samanheng med auka konsesjonsgrenser i 2003 for svine- og fjørfeproduksjon. Etter fleire år med høg investering på Jæren, har snittet for nettoinvesteringa for 2007 blitt noko lågare enn tilsvarende for Andre bygder. Den driftsforma som har hatt størst nettoinvestering i 2007, er mjølk og sau i Andre bygder (10 bruk). Der vart gjennomsnittleg nettoinvestering på kr 488 600. Gruppa med lågast investering var mjølk på Jæren (20 bruk) med eit negativt snitt på kr 17 400.



Figur 3.9 Nettoinvesteringar per bruk i ulike område


### 3.2.3 Gjeld og gjeldsprosent

Figur 3.10 viser ein jamn auke i gjeld for heile landet i løpet av dei siste ti åra. Gjelda på Jæren vart i gjennomsnitt på kr 2 793 500 i 2007 og i Andre bygder vart tilsvarende tal kr 1 899 200. Gjennomsnittet for heile landet vart kr 1 532 800. Vi ser ofte ein klar samanheng mellom nettoinvestering og auke i gjeld.



Figur 3.10 Gjeld i middel per bruk i ulike område


Gjeldsprosenten er gjelda i prosent av totalkapitalen, og han viser kor stor del av eigedlane som er finansiert med lånt kapital. Alle bruka i driftsgranskingane hadde ein gjennomsnittleg gjeldsprosent på 44 prosent i 2007 (figur 3.11), Jæren hadde 49 prosent og Andre bygder hadde 53 prosent. Jæren har hatt ein nedgong på 7 prosentpoeng siste år. Sjølv i ei såpass stor gruppe som Jæren er i driftsgranskingane, har utskifting av bruk gitt utslag. Ved samanlikning av bruk som var med både i 2006 og 2007 fekk vi ei gjeldsprosent på 54 i 2006 og 52 i 2007.



Figur 3.11 Gjeldsprosent per bruk i ulike område

### 3.2.4 Tilleggsnæringar

Tilleggsnæring vert i driftsgranskingane definert som næring utanom tradisjonelt jordbruk, der garden sine ressursar blir nytta, til dømes til maskinkjøring, utleigehus, utmarksnæring, turisme, vidareforedling av varer og liknande. I gjennomsnitt for alle bruka i utvalet utgjer bidraget frå tilleggsnæringa lite, men det kan bety mykje på enkeltbruka. Figur 3.12 viser driftsoverskot frå tilleggsnæring i gjennomsnitt for deltakarbruka i driftsgranskingane. Inntekta frå tilleggsnæring for bruka frå Andre bygder har hatt ein jamn auke gjennom siste fire åra mens tilsvarande for Jæren har vore nedgong dei tre siste åra. For landsgjennomsnittet har det siste året gitt ein auke på om lag kr 4 700.



Figur 3.12 Driftsoverskot frå tilleggsnæring i gjennomsnitt for alle bruk i ulike område

Heile 55 prosent av deltakarane i driftsgranskingane for 2007 var registrert med ei eller anna form for tilleggsnæring. Det vil seie 500 bruk. Det er ein auke på to prosent frå 2006. På Jæren hadde 37 prosent av bruka i utvalet tilleggsnæring og i Andre bygder var talet 63 prosent.

I Andre bygder er det dei bruka med kombinasjonar av fleire ulike tilleggsnæringar (andre kombinasjonar) som har det høgaste gjennomsnittlege driftsoverskotet på kr 98 900 i 2007 (tabell 3.1). For alle bruka i utvalet er det *ikkje klassifisert* som gir høgast driftsoverskot, følgt av *utmarksnæring med diverse kombinasjonar*.

Tabell 3.1 Gjennomsnittleg driftsoverskot i 2007 for dei enkelte tilleggsnæringane. Kroner

Regionar	Utmarks- næring med diverse kombi- nasjonar	Varepro- duksjon med diverse kombi- nasjonar	Maskin- kjøring	Turisme	Utleige- hus	Andre kombi- nasjonar	Ikkje klassi- fisert	Gjennom- snitt
Jæren					30 800	71 200		40 700
Andre bygder		50 800	63 100		23 700	98 900		69 400
Landet	93 500	54 700	58 900	79 400	42 400	82 100	124 300	71 300

## 4 Skatt

Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskingane, og kjem i tillegg til dei presenterte resultatmåla. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein del av inntektspolitikken i landbruket. Jordbruksfrådraget i alminneleg inntekt vert gitt til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/ eller hagebruksverksemd eller driv med honning- og/eller pelsproduksjon som næring, sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk.

### 4.1 Jordbruksfrådrag

Jordbruksfrådraget vart innført i 2001, og i dei følgjande åra vart det utvida og auka fleire gonger. I 2007 vart frådraget følgjande: Ved næringsinntekt opp til kr 45 000 vart jordbruksfrådraget lik inntekta; ved inntekt frå kr 45 000 og opp til kr 348 125, vart frådraget kr 45 000 pluss 32 prosent av all inntekt over kr 45 000. Maksimalt frådrag som ein kan få, er kr 142 000, då må næringsinntekt vere høgare enn kr 348 125. Frådraget kan delast mellom brukar og ektefelle. Det vert betalt 28 prosent skatt av resten av inntekta. Maksimalt jordbruksfrådrag vart nær dubla frå 2006 til 2007.

Det vart registrert kor stort jordbruksfrådraget var på alle bruka i driftsgranskingane i 2007 for å sjå på utnyttingsgraden. I gjennomsnitt per deltakarbruk for heile landet var jordbruksfrådraget kr 100 700. For Jæren var nivået noko høgare med kr 109 800 i snitt per bruk. Tilsvarende for Agder og Rogaland andre bygder var kr 106 000, så begge desse regionane låg over snittet for landet totalt. Ein del av deltakarane har ikkje oppnådd maksimalt jordbruksfrådrag på grunn av for låg næringsinntekt (tabell 4.1).

Tabell 4.1 Jordbruksfrådrag gruppert etter region

Regionar	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntektsverknad per årsverk
Austlandet, flatbygder	190	63	18	95 800	26 800	33 300
Austlandet, andre b.	160	35	11	91 300	25 600	25 000
Jæren	49	24	0	109 800	30 700	23 700
Agder og Rogaland, andre bygder	82	22	1	106 000	29 700	26 600
Vestlandet	168	35	10	95 900	26 900	24 000
Trøndelag flatb.	68	21	3	99 500	27 900	29 400
Trøndelag, andre b.	70	28	1	112 200	31 400	26 200
Nord.Noreg	115	46	1	115 000	32 200	29 300
Alle	902	274	45	100 700	28 200	27 200

I tabell 4.2 har vi samanlikna dei driftsformene som er mest utbreidde på Jæren og Agder og Rogaland andre bygder. Det er produksjon av mjølk, mjølk kombinert med sau, sauehald, mjølk kombinert med svin og grønsaker. Det var langt færre bruk som klarte å oppnå maksimalt frådrag i 2007 enn i 2006. Årsaka var at kravet til næringsinntekt for å oppnå maksimalt frådrag, vart auka med 125 200 kr til kr 348 000. Det var også nokre fleire bruk i 2007 enn i 2006 med så låg næringsinntekt at dei ikkje fekk jordbruksfrådrag.

**Tabell 4.2 Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer, Jæren og Andre bygder**

Driftsformer	Tal bruk	Tal bruk med maks frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntekts-verknad per årsverk
Mjølk, andre bygder	38	10	0	111 500	31 200	27 900
Mjølk, Jæren	20	12	0	122 700	34 400	23 400
Sauehald	14	1	1	64 000	17 900	24 200
Grønsaker	6	2	0	124 500	34 900	19 500
Mjølk/sau	15	9	0	124 400	34 800	25 900
Mjølk/svin	12	8	0	131 500	36 800	23 700
Jæren	49	24	0	109 800	30 800	23 650
Agder og Rogaland, andre bygder	82	22	1	106 000	29 700	26 600
Alle	131	46	1	107 500	30 100	25 400

I gjennomsnitt for driftsgranskingsbruka på Jæren og Agder og Rogaland andre bygder var skattereduksjonen for 2007 kr 30 800 og kr 29 700. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget per årsverk, med 33 prosent marginalsatt, varierer frå produksjon til produksjon. Den største inntektsverknaden får mjølkebruk i Andre bygder med litt over kr 27 900 per årsverk, minst inntektsverknad får bruka som driv med grønsaker med kr 19 500. Det er svært liten skilnad mellom dei presenterte driftsformene.

I tabell 4.3 har vi sett på korleis bruksstorleik påverkar utnytting av jordbruksfrådraget. Jæren og Agder og Rogaland andre bygder klarer å få ei høg utnyttingsgrad med mange til dels store bruk. Mellom anna arbeidsomfang og storleik på næringsinntekta er avgjerande for kor stor inntektsverknaden av jordbruksfrådraget vert. Få bruk i gruppa vil også gje usikre data. Inntektsverknaden går ned med arbeidsomfanget på bruket. Variasjon i arbeidsomfanget mellom gruppene gjer dermed skilnad i inntektsverknaden per årsverk.

**Tabell 4.3 Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik, Jæren og Andre bygder**

Arealgruppe	Tal bruk	Tal bruk med maks frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntekts-verknad per årsverk
< 50 daa	4	2	0	96 200	26 900	43 100
50-99 daa	7	1	0	67 100	18 800	22 400
100-199 daa	42	9	1	96 100	26 900	28 500
200-299 daa	36	14	0	113 100	31 700	24 900
300-499 daa	35	16	0	112 900	31 600	26 300
>500 daa	7	4	0	131 100	36 700	20 200
Alle	131	46	1	107 500	30 100	25 300
Landet	902	274	45	100 700	28 200	27 200

Jordbruksfrådrag føreset at skatteytar har næringsinntekt å trekke frådraget frå. Ein må også vere klar over at andre frådrag kan redusere effekten av jordbruksfrådraget.

## 4.2 Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital (jordbruksinntekta)

Inntektsverknad av jordbruksfrådraget er eit inntektspolitisk verkemiddel for å auke innteninga i landbruket. Dette er også er verkemiddel som ikkje er omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget er gradvis auka sidan starten i 2000 og fram til 2006. I 2007 vart frådraget auka frå kr 71 500 til kr 142 000. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget for Jæren auka frå kr 12 900 i 2006 til kr 23 700 i 2007 og tilsvarande for Agder og Rogaland andre bygder ei auke frå kr 14 300 til kr 26 600, og er med dette blitt ein viktig del av inntektsdanninga i jordbruket.

Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk har auka gradvis i perioden sidan jordbruksfrådraget vart innført sett i forhold til jordbruksinntekta før skattejustering.



## 5 Verdiskaping i jordbruket i Agder

---

På oppdrag for Fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder har NILF kartlagt verdiskapinga i jordbruket i Agder-fylka. Verdiskapinga i jordbruket i Aust-Agder og Vest-Agder er utrekna til 332 mill. kroner i 2006. Omsetninga i jordbruket er på til saman over ein milliard kroner, der marknadsinntekter står for 70 prosent.

### 5.1 Om måling av verdiskaping<sup>2</sup>

Omgrepet verdiskaping kan brukast på mange felt, både i faglitteratur og i meir politisk og økonomisk samanheng. I nasjonalrekneskapen og i rekneskap med basis i nasjonalrekneskapen nyttast bruttoproduktet som uttrykk for verdiskaping. Enkelt sagt er bruttoproduktet lik verdien av produserte varer og tenester minus vareinnsats. Kapitalslit (avskrivingar) er ikkje trekt i frå. Produktstøtte, til dømes prisstøtte, er med i bruttoproduktet, men ikkje støtte som ikkje kan relaterast direkte til eit produkt.

I jordbruket er det fleire støtteordningar som ikkje er avhengige av produserte mengder, til dømes husdyrtilskot, areal- og kulturlandskapstilskot og investeringsstøtte. Slike tilskot vil ikkje verte rekna med i verdiskapinga i nasjonalrekneskapen. Dei er likevel viktige for inntektene i jordbruket og for inntektsverknaden i andre næringar. Det kan også argumenterast for at overføringane til jordbruket er betaling for produksjon av fellesgode. Omfanget av overføringane vil med andre ord vere eit mål på korleis samfunnet verdset produksjon av fellesgode reint økonomisk. Vi har difor valt å ta med alle støtteordningar i utrekninga av verdiskapinga i jordbruket.

Med utgangspunkt i driftsgranskingsdata til NILF har vi nytta denne måten å rekne faktorinntekt (verdiskaping):

- Sum inntekter, jordbruket
- + Familiens arbeid på nyanlegg
- Sum kostnader (eksklusiv avskrivingar), jordbruket
- + Kostnader til leigd hjelp
- + Kostnader til jordleige
- = «Bruttoprodukt» (tilskot inkludert)
- Sum avskrivingar, jordbruket
- = «Nettoprodukt» (tilskot inkludert)
- = Faktorinntekt

Vi nyttar uttrykket *nettoprodukt* når vi omtalar verdiskaping. Nettoproduktet er betaling for arbeidsinnsats og forrenting av investert kapital.

I prosjektet som vart gjennomført for fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder, er verdiskaping og sysselsetting i primærjordbruket rekna på kommunenivå. Med jordbruk meiner ein her tradisjonell produksjon av jord- og hagebruksråvarer som mjølk, kjøt, ull, egg, korn, frukt, bær, poteter, grønsaker og blommar. Følgjande driftsformer er med i

---


<sup>2</sup> Kjelde: Lyng, A. M., Haukås, T., Ommedal, R., 2008. Verdiskaping i jordbruket i Aust- og Vest-Agder. NILF-Notat 2008-11. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.

berekningane: mjølkeproduksjon på kyr, produksjon av storfekjøtt på ammekyr, sauehald, produksjon av kyllingkjøtt, produksjon av svin, produksjon av egg, produksjon av potet og korn, kombinert produksjon av potet/grønsaker, einssidig kornproduksjon, veksthusproduksjon av grønnsaker og blomar, produksjon av frukt og bær, produksjon av pelsdyr og birøkt. Oppdrett av hjort, oppdrett av hest og andre driftsformer av mindre omfang, er det ikkje gjort berekningar for i dette prosjektet.

## 5.2 Resultat

Den totale verdiskapinga i jordbruket i Agder-fylka er berekna til 332 mill. kroner i 2006. For Vest-Agder er berekna verdiskaping 197 mill. kroner og for Aust-Agder 135 mill. kroner. Den samla omsetnaden frå jordbruket i Agder var i 2006 på 1 041 mill. kroner og av dette utgjorde marknadsinntektene 736 mill. kroner og dei offentlege tilskota 305 mill. kroner. Sum kostnader i jordbruket var på 814 mill. kroner og av dette var avskrivningane 123 mill. kroner.


Arbeidsforbruket i jordbruket var på 1 987 årsverk á 1 845 timar og det tilsvarer eit arbeidsforbruk på 3,67 mill. timar.



Figur 5.1 Verdiskaping i Agder<sup>3</sup>, fordelt på kommunar, i mill. kroner

<sup>3</sup> Verdiskaping på birøkt (5,4 mill kroner) er ikkje med i figuren fordi ein ikkje har tal for birøkt på kommunenivå.

Det er mjølkeprodusentane som bidrar med den største verdiskapinga i jordbruket i Agder. Sauehaldet er viktig for verdiskapinga i innlandskommunane. Hagebruk, som grønsaker, potet og veksthus, er viktigast for kystkommunane i Aust-Agder, særleg i Grimstad. Korn, kyllingproduksjon og pelsdyr gir eit lite bidrag til verdiskapinga (figur 5.2).



Figur 5.2 Verdiskaping i jordbruket fordelt etter driftsform, millionar kroner

### Mjølkeproduksjon

Det var 8 000 årskyr i Agder i 2006, fordelt på 509 bruk. Våre berekningar viser at verdiskapinga i spesialisert<sup>4</sup> mjølkeproduksjon var på til saman 145 mill. kroner, og er den klart dominerande produksjonen i Agder målt i verdiskaping og sysselsetting. Marknadsinntektene i mjølkeproduksjonen utgjorde 265 mill. kroner og 152 mill. kroner var offentlege tilskot. I 2006 vart det lagt ned 1,5 mill. timar i mjølkeproduksjonen i Agder, noko som tilsvarer 824 årsverk. Farsund kommune er den største produsenten av mjølk, og verdiskapinga er berekna til 17 mill. kroner. Målt i verdiskaping er det langt til dei neste kommunane, Lyngdal, Marnardal og Audnedal, med 10 mill. kroner i gjennomsnittleg verdiskaping. Arendal er den kommunen i Aust-Agder med høgste verdiskaping på mjølkeproduksjon, med omlag 9 mill. kroner.

### Sauehald

Ved teljedato i 2006 var det 42 000 sauer i Agder fordelt på 780 bruk. Verdiskapinga på desse bruka var på 46 mill. kroner. Sauehald er ei næring med låg lønsemd, og sauehaldet er den einaste næringa i Agder der summen av utbetalte tilskot er høgare enn marknadsinntektene, høvesvis 88 mill. og 60 mill. kroner. Næringa hadde til saman 471 årsverk i 2006, noko som tilsvarer 869 000 timar.

Den høgste verdiskapinga på sauehald er i Kvinesdal kommune med 6 mill. kroner. Alle kommunane i Agder har sauer, og det er flest i innlandskommunane.

<sup>4</sup> Spesialisert mjølkeproduksjon betyr at meir enn 75 prosent av omsettinga kjem frå produksjon av mjølk.

## Produksjon av kjøtfe

Produksjon av kjøtfe har, saman med sauehald, tradisjonelt hatt låg lønsemd, og verdiskapinga for spesialisert kjøtproduksjon i Agder var i 2006 på 25 mill. kroner fordelt på 211 årsverk. Marknadsinntektene for kjøtproduksjon var på 50 mill. kr, og tilskota utgjorde 44 mill. kroner. I Agder var det 2 800 ammekyr fordelt på 282 bruk i 2006. I Farsund er verdiskapinga for kjøtfeproduksjon nesten dobbelt så høg som i Lyngdal. Mykje av forklaringa ligg i dei naturgitte forholda på Lista som gir eit godt grunnlag for jordbruk.

## Svineproduksjon

Det er lite svineproduksjon i Agder, og ved teljedato i 2006 var det registrert 1 700 purker, fordelt på 37 bruk. Total verdiskaping for einseitig svineproduksjon var 11 mill. kroner. Marknadsinntektene var i same periode 59 millionar, og 4 mill. vart utbetalt i tilskot. Svineprodusentane la ned 80 000 timar i jordbruket, noko som tilsvare 44 årsverk.

I Søgne kommune er verdiskapinga frå einseitig svineproduksjon på om lag 3 mill. kroner, Farsund 2,4 mill. og Kristiansand 2 mill. kroner. Det er få produsentar i Aust-Agder som har svin som spesialisert driftsform. Det er derimot fleire bruk som har svin som ein del av ein blanda produksjon, mellom anna i kombinasjon med potet og grønnsaker.

## Egg

Det var 140 000 høner i Agder ved teljedatoen i 2006. Nokre av desse finn vi på bruk med blanda produksjonar. Verdiskapinga på dei spesialiserte bruka var på 9 mill. kroner. Marknadsinntektene var 41 millionar, og dei statlege tilskota 4 mill. kroner. Arbeidsinnsatsen var i 2006 på 79 000 timar som utgjorde 43 årsverk for næringa.

For Grimstad har vi berekna verdiskapinga til å vere 3,1 mill. og for Flekkefjord 1,3 mill. kroner. Arbeidsinnsatsen for eggprodusentane i kommunane var på høvesvis 15 og 6 årsverk.

## Hagebruk

Verdiskaping for produksjon av hagebruksprodukt er på 86 mill., og inkluderer kombinertproduksjon grønnsaker/potet/korn/husdyr, veksthus, fruktproduksjon og kombinertproduksjon bær/frukt/potet/husdyr. Nesten halvparten av all verdiskaping i hagebruk i Agder skjer i Grimstad kommune.

## Potet/korn og korn spesialisert

Potet/korn hadde ei verdiskaping i underkant av to mill. kroner i 2006, og tilsvarende tal for spesialisert kornproduksjon var 0,7 mill. kroner. Det er lite kornproduksjon i Agder, og det meste av kornproduksjonen vert drive på bruk med annan planteproduksjon, som ein del av eit vekstskifte. Igjen er det Grimstad som har den største verdiskapinga med 0,9 mill. kroner.

## Pelsdyr

Pelsdyrnæringa i Agder betyr lite for fylka totalt sett, men betyr mykje i nokre kommunar, mellom anna i Marnardal og i Vegårshei. Pelsdyrnæringa har ein berekna verdiskaping på om lag 1 mill. kroner. Produsentane av pelsdyrskinn mottar ikkje tilskot, og marknadsinntektene var i 2006 på kr 4,5 mill. kroner. Næringa sysselset 5 årsverk.

## Birøkt

Birøkt er ein stor produksjon i Agder, og det vert produsert honning i dei fleste kommunane. Aust-Agder har den største produksjonen med 200 tonn, og Vest-Agder har 110 tonn. Dei naturgjevne vilkåra for honningproduksjon er betre i Aust-Agder med meir sommarblomar og villbringebær. Betre vilkår gjer at biene i Aust-Agder produserer meir honning per kube enn biene i Vest-Agder.

## 6 Tabellsamling 2003–2007

---

1. Fylkestat, Rogaland
2. Fylkestat, Vest-Agder
3. Fylkestat, Aust-Agder
4. Områdetal, Jæren, alle bruk
5. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer
6. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer
7. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 5 (300–500 daa), alle driftsformer
8. Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekjøttproduksjon
9. Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinhald
10. Områdetal, andre bygder, alle bruk
11. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer
12. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer
13. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 5 (300–500 daa), alle driftsformer
14. Områdetal, andre bygder, mjølk- og storfekjøttproduksjon
15. Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald
16. Fylkestat, Aust Agder, potet og grønnsakproduksjon
17. Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe under 15 årskyr
18. Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe 15–19,9 årskyr
19. Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe frå og med 20 årskyr

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskingane for åra 2003–2007. Det er presentert tabellar for kvart fylke og for dei to områda Jæren og andre bygder i Agder og Rogaland. For områda er det presentert tal for heile område, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Tabellane er nummererte fortløpande, og kvar tabell er delt inn i tre delar, a, b og c. Del a, produksjonstekniske data og oppnådde prisar, inneheld opplysningar om tal bruk som er med, arealopplysningar, opplysningar om produksjon og yting, arbeidsforbruk og oppnådde prisar. I del b, produksjonsinntekter og kostnader per bruk, finn ein produksjonsinntekter frå planteproduksjon, husdyrhald og produksjonstillegg og variable og faste kostnader. Den siste delen, c, resultat og balanse, viser ulike resultatmål og ei oversikt over balansen per 31.12.

**Tabell 1a Fylkestal, Rogaland**  
**Produksjonstekniske data og oppnådde priser**

Ar	2003	2004	2005	2006	2007
Tal bruk i gruppa	75	74	72	80	81
Alder på brukar	43	43	43	44	44
<b>Arealfordeling og avling per dekar</b>					
Kom i alt, daa	6,7	4,3	8,8	7,2	7,2
Kom i alt, FEm per daa	532	504	552	601	434
Grønforvekster, daa					
Grønforvekster, FEm per daa					
Grovfor i alt, daa	195,6	213,9	240,4	255,6	264,9
Grovfor i alt, FEm per daa	494	466	473	454	439
Jordbruksareal i alt, daa	204,5	219,9	250,2	266,4	275,6
Jordbruksareal i alt, FEm per daa	496	467	476	458	439
Leigd areal, daa	31,2	38,9	62,7	78,6	88,5
<b>Husdyrproduksjon</b>					
Årskyr	16,6	17,0	18,6	19,3	18,1
Omsett mjølk, liter	95 879	99 557	111 910	119 360	116 835
Mjølkekvote	97 695	99 266	112 159	119 325	117 012
Mjølk, per årsku, kg	6 548	6 671	6 874	7 068	7 207
Storfekjøt, kg omsett	4 033	3 882	4 368	4 872	4 325
Tal grisekull	10	11	11	17	20
Slaktegris, kg omsett	4 966	4 599	7 176	5 523	6 296
Vinterføra sauer	30	40	39	41	52
Kg kjøt per vf sau	27	26	27	27	26
Ull, kg omsett	174	218	209	194	251
Egg, kg omsett	3 778	3 145	4 108	3 319	3 131
<b>Arbeidsforbruk, timar</b>					
Brukar	2 154	2 120	2 173	2 111	2 113
Ektefelle	403	411	393	458	408
Barn under 17 år	31	26	34	35	23
Sum familie	2 587	2 557	2 601	2 603	2 544
Leigd arbeid, betalt	536	508	575	701	574
Leigd arbeid, ubetalt	235	264	249	252	254
Timar jordbruket	3 358	3 329	3 425	3 557	3 373
Timar skogbruket	33	31	20	15	16
Timar nyanlegg	34	73	42	60	65
<b>Oppnådde priser</b>					
Bygg, kr per kg	1,75	1,53	1,52	1,60	1,55
Poteter, kr per kg	1,58	1,53	1,70	2,10	1,85
Kumjølk, kr per l	3,56	3,50	3,58	3,58	3,86
Kukjøt, kr per kg	26,93	28,36	29,06	29,47	31,38
Anna storfekjøt, kr per kg	31,74	33,27	34,26	34,99	36,86
Smågris, kr per stk	801	718	757	746	905
Svinekjøt, slaktegris, kr per kg	21,75	20,40	20,06	20,16	22,04
Sau- og lammekjøt, kr per kg	30,68	29,62	28,18	31,36	34,92
Ull, kr per kg	35,29	30,93	31,85	33,58	30,27
Egg, kr per kg	11,29	10,98	9,88	10,37	11,59

**Tabell 1b Fylkestat, Rogaland**  
**Produksjonsinntekter og -kostnader per bruk**

Ar	2003	2004	2005	2006	2007
Korn	4 082	2 259	4 277	5 608	3 353
Poteter	6 561	5 424	2 934	3 993	3 244
Andre planteprodukt	10 966	10 491	10 356	114 818	135 482
<b>Planteprodukt</b>	<b>21 610</b>	<b>18 174</b>	<b>17 567</b>	<b>124 419</b>	<b>142 079</b>
Storfe, mjølk	341 573	348 645	401 116	427 082	451 152
Storfe, livdyr og slakt	135 929	133 474	178 980	182 175	204 881
Smågris	54 138	56 567	67 538	103 853	164 234
Slaktegris	108 096	91 179	146 586	114 409	138 103
Purker og rånar	13 717	30 770	27 776	21 049	27 644
Sau, livdyr og slakt	25 190	30 982	30 267	36 868	54 851
Ull	6 061	6 884	6 138	6 178	7 515
Fjørfe, egg, livdyr og slakt	37 928	35 599	41 435	36 546	36 569
Geit, melk, livdyr og slakt	2 894				4
Andre innt. husdyrhaldet	3 078	1 271	2 575	12 720	21 754
<b>Husdyrprodukt</b>	<b>728 603</b>	<b>735 371</b>	<b>902 410</b>	<b>940 880</b>	<b>1 106 707</b>
Areal- og kult.landsk.till., grovfôr	47 396	49 420	12 275	12 389	14 783
Kulturlandskapstilskot <sup>1)</sup>			40 711	41 462	47 777
Areal- og kulturlandskaptill., korn	1 794	1 365	1 213	1 454	1 427
Produksjonstillegg, husdyr	93 301	101 649	99 539	99 830	103 380
Botnfrådrag	-5 987	-6 243	-5 729	-5 313	-5 444
Pristilskot	70 603	65 869	68 356	67 450	66 115
Refusjon av avløysarutgifter	43 760	49 002	45 845	54 035	50 708
Andre tilskot og trygder	7 741	8 050	8 446	13 759	23 749
<b>Tilskot i alt</b>	<b>258 608</b>	<b>269 112</b>	<b>270 656</b>	<b>285 066</b>	<b>302 495</b>
Leigeinntekter traktor og reiskap	5 428	5 366	4 657	5 225	8 209
Traktor i skogen / anna inntekt	2 544	1 537	3 873	10 324	9 979
